

Kvifor kattar alltid vaskar seg etter at dei har ete

Det var ein gong ein svolten katt.

Han fekk auge på ein fugl.

Fuglen var oppteken med å grave etter mark.

Katten hoppa fram og fanga fuglen i potane.

Først leikte katten litt med fuglen.

Han dytta fuglen hit og dit.

Til slutt ville katten ete fuglen.

Men då sa fuglen: «Skal du ikkje vaske deg før du et?»

Katten blei sint. Han visste at han burde vaske seg.

Katten sleppte fuglen for å vaske potane.

Då flaug fuglen opp i eit tre.

Katten sukka svolten.

«Eg skulle ikkje ha høyrte på fuglen.»

Frå den dagen har kattane alltid vaska seg

ETTER at dei har ete.



Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 42.

Gjer oppgåvene 1, 3 og 4.